

476.1

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 17/83

SØKNAD OM KVALKONSESJON FOR 1983.

Søknad om kvalkonsesjon for 1983 må sendast Fiskeridirektoratet, Postboks 185, 5001 Bergen, snarast råd og innan 25. februar d.å.

Søkjarar som hadde konsesjon i 1982 må gje opplysning om dette i søknaden. Konsesjonsavgifta er sett til kr 1.000,- og kan innbetalast over postgironr. 5 05 28 57 eller bankgironr. 0616.05.70189. Fartøy som kjem til å driva fangst i sovjetisk sone må ha søkt om lisens for fangst i sovjetisk sone. Desse fartøya må i søknad om konsesjon óg gje opp tal og type på harpuncanoner og tal, type og kaliber av skytevåpen om bord.

Det vil verta engasjert kvalfangstinspektørar om bord på nokre fartøy. Alle fartøy som vert gjeve konsesjon er pliktig til å ta om bord inspektør dersom det vert krevd, jfr. kvallovas § 11. Konsesjonshavarane må derfor syta for at det er fullnøyande lugarplass på fartøyet og at det er sertifisert for å kunne ta med inspektør. Dette må stadfestast i konsesjonssøknaden.
